



VI FORMAR STADEN VÅR ...

GOD BYGGESKIKK OG VISUELL KVALITET
I PLAN- OG BYGGESAKER PÅ SØRE SUNNMØRE

FELLES RETTLEIAR FOR
HAREID HERØY SANDE ULSTEIN VANYLVEN VOLDA ØRSTA

Forfattarane:

Magne Bergseth har eksamen frå AHO (Arkitektøgskolen i Oslo) 1975, og har som praktiserande arkitekt i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane sidan då vore engasjert i problematikken med tilpassing til lokal byggeskikk, utvikling /vidareføring av lokale særdrag og byggeskikk tilpassa vestlandsklima. Han har drive arkitektverksemd med base i Ulsteinvik frå 1992, og har arbeidd med plan- og byggeoppdrag for og i dei fleste kommunane i regionen. Eige firma frå 2003 (www.arkibe.no).

Helge Aarset har eksamen frå NTNU, arkitektavdelinga i 1981 og har drive eige firma i Ørskog 1991-94 og frå 2002. Frå 1994 har han vore tilsett i Møre og Romsdal fylkeskommune / Møre og Romsdal fylke (halv stilling frå 2002). Han har vore koordinator for arbeidet med tettstadsutvikling i fylket frå 1998 til og med 2001. Han har og i nokre år regelmessig undervist på Bergen Arkitektskole (BAS), ein skule som legg særleg vekt på lokal og regional forståing og forankring i utviklinga av ny arkitektur.

VI FORMAR STADEN VÅR ...

GOD BYGGESKIKK OG VISUELL KVALITET
I PLAN- OG BYGGESAKER PÅ SØRE SUNNMØRE

FELLES RETTLEIAR FOR
HAREID HERØY SANDE ULSTEIN
VANYLVEN VOLDA ØRSTA

VI FORMAR STADEN VÅR.....

GOD BYGGESKIKK OG VISUELL KVALITET
I PLAN- OG BYGGESAKER PÅ SØRE SUNNMØRE

FELLES RETTLEIAR FOR
HAREID, HERØY, SANDE, ULSTEIN, VANYLVEN, VOLDA OG ØRSTA

Forord		side ...	5
del I	... SOM RINGAR I VATN ...		
1	Innleiing Kvifor ein slik rettleiar? <i>sentrale omgrep</i> <i>sentrale problemstillingar</i> <i>bruk av rettleiaren</i>	side ...	9
2	Landskapssoner i regionen <i>fellestrekk og regionale skilnader innanfor Søre Sunnmøre-landskapet</i>	side ...	14
3	Utvikling av busetnad og byggeskikk i regionen <i>kort om karakteristiske epokar som framleis pregar bebyggelsen vår</i>	side ...	18
del II	... HER OG NO		
4	Utfordringar i dag <i>generelle utviklingstrekk</i> <i>aktuelle utfordringar i den kommunale kvardagen</i>	side ...	32
5	Bygg og anleggstiltak i regionen <i>generelt</i> <i>tiltak i strandsona</i> <i>tettbygde område og fortetting</i> <i>spreidd bebyggelse</i> <i>landemerke: signalbygg eller store tiltak</i> <i>tiltak i eller nær særlege kulturmiljø eller gamal bebyggelse</i> <i>tiltak i eller nær karakteristiske landskapsområde</i> <i>ombygging og tilbygg, garasjar</i> <i>rommet mellom husa</i> <i>skilt og utandørs reklame</i>	side ...	39
6	Praktisering <i>juridisk styring og motiverande arbeid</i> <i>kommuneplanlegging, reguleringsplanlegging og byggesak</i>	side ...	70
Vedlegg			
Framlegg til estetiske retningslinjer		side ...	76
Litteraturliste		side ...	78

FORORD

Byggesaksforumet for dei sju kommunane på Søre Sunnmøre vart etablert i 1997-98 som eit *samarbeidsforum* for sakshandsamarane innafør fagfeltet byggesak.

Arbeidet med estetikk og byggeskikk har vore sentralt for byggesaksforumet i ein del år, mellom anna vart det hausten 2001 arrangert eit seminar i Aasentunet med politisk deltaking der tema var estetikk i byggesaker. Byggesaksforumet har sakna ein rettleiar som er noko meir konkret og tilpassa lokale forhold enn det som går fram av rettleiingsmateriell frå departementa, Statens byggetekniske etat (BE) og Husbanken. Med tilskot frå Husbanken, fylkesmannen og fylkeskommunen i løpet av hausten 2003, var tida moden for utarbeiding av rettleiaren, og vi vart engasjert til å utføre arbeidet i januar 2004.

Byggesaksforum har i form av styringsgruppe hatt leiinga med utarbeidinga av rettleiaren. Særlege fagpersonar, landskapsarkitekt Berit Sandvik Skeide, sivilarkitekt Bjarne Sørheim og kulturkonsulent Toril Moltubakk, har vore trekt inn i arbeidet som ei referansegruppe. Rune Wetterhus, Volda, Olav Brubakk, Hareid og Arne Runar Vik, Ulstein, frå byggesaksforum har vore ei prosjektgruppe med tettare oppfølging av arbeidet med Arne Runar som vår kontaktperson og prosjekteigar sin leiar i arbeidet.

Arbeidsmåten har medført stor grad av medverknad frå alle dei impliserte. Tidleg i prosessen har vi hatt separate synfaringar til kvar av kommunane og møte med byggesaksansvarlege. Utkast til rettleiarar har vore på høyring til dei sju kommunane, referansegruppa, instansar i Møre og Romsdal fylke og Husbanken.

Sju kommunar ser at ein har så mykje til felles at ein har gått saman om dette tiltaket. Det er semje om at ein slik rettleiar er eit viktig dokument i arbeidet med å betre det fysiske miljøet. Gjennomføring av arbeidet har politisk aksept. Kvar enkelt kommune må ta stilling til kva for status rettleiaren skal ha. Den lokale, politiske forankringa for rettleiaren i bruk vil i alle høve krevje eit stadig engasjement i dei politiske fora.

Det vil vere naturleg at rettleiaren blir eit dokument som og kan vere til nytte for fylket i samband med handsaming av planar og klagesaker.

Auka merksemd på god visuell kvalitet i bygge- og plansaker er ikkje ei isolert satsing:

- "Regional identitet" er noko som det i dag vert sett fokus på. I eit stadig meir "globalisert" samfunn, vert det framheva at ein treng ein identitet knytt til eit område der ein har sine "røter" og kjenner seg heime, særleg ettersom ein ser at "det nasjonale" kanskje for mange etterkvart spelar mindre rolle? Det er meir positivt for identitetskjenninga at både ein sjølv og tilreisande opplever regionen som positiv og tiltrekkjande. Område som har ein sterk tradisjon i å ta vare på kvalitetar i kulturlandskap og byggeskikk, vil stå sterkare i konkurransen om dette enn der ein ikkje har medvit om slikt.
- Den felles satsinga frå kommunar og fylkeskommunen på forbetring av det fysiske miljøet i tettstader her i fylket dei siste åtte- ti åra, er ein parallell strategi som bygger oppunder den same målsettinga om å utvikle stader som er attraktive både for fastbuande og tilreisande.
- Klarer vi å motivere ungdom til å bli buande i regionen vår? – eller eventuelt flytte tilbake etter avslutta utdanning andre stader? Mange faktorar spelar inn her, men ungdom og unge vaksne gir i undersøkingar klar melding om at den måten vi i fellesskap forvaltar biletet av stadene våre, verkar inn på kva for band dei knyt til staden.

Ein viktig del av arbeidet med denne rettleiaren har i starten vore å skaffe oversikt over og setje seg inn i relevante dokument og litteratur om emnet estetikk og byggeskikk, både frå sentralt hald (departement, BE, Statens Byggeskikkutval (nedlagt 2001) og Husbanken (som har overtatt ansvarsområdet etter nedlegging av byggeskikkutvalet)). Vi har og samla inn ein del tilsvarende rettleiingar frå andre kommunar, og gått gjennom det som har vore gjort i nokre av kommunane av tettstadsanalyser og liknande.

Det er utarbeidd mykje godt skriftleg og illustrert materiale kring problemstillingane. I dette heftet finst ei vedlagt liste over litteratur for dei som ønskjer å orientere seg vidare eller gå djupare inn i tema. Vi har vald å bruke nokre illustrasjonar frå anna rettleiingsmateriale, då med tilvisning til publikasjon, opphavsmann, kjelde eller fotograf. Illustrasjonar og foto som ikkje er merka med anna kjelde, er utført/teke av Helge eller Magne.

Estetikk er ein av fleire kriteria for vurdering av om ein plan eller eit byggverk er godt og tenleg, og som kriterium kan det ikkje sjåast isolert. Vidare er spørsmålet om kva som er estetisk riktig eller galt, stygt eller fint eller god og dårleg byggeskikk noko som til alle tider vil vere omdiskutert og som det vil vere vanskeleg, kanskje heller ikkje ønskjeleg, å lage klare og lettfattelege reglar om. Vi har i kap. 1 gått litt nærare inn på ei slik drøfting og gjort forsøk på ein lettfatteleg definisjon av dei viktigaste omgrepa.

Det føreliggjande rettleiingsheftet har også ei forankring i sentrale føringar:

Rundskriv H-7/97 frå Miljøverndepartementet og Kommunal- og arbeidsdepartementet seier følgjande i forordet:

- *"Det kan ikke defineres en statlig standard for god byggeskikk. Det må foretas en analyse i den enkelte kommune for å avklare hva som kjennetegner god byggeskikk på det enkelte sted. Bestemmelser til arealplaner og juridisk bindende retningslinjer til § 74 nr 2 kan angi hvordan estetisk kvalitet skal sikres. Det er nødvendig med god oppfølging av slike verktøy."*

I forordet til rettleiaren Estetisk kvalitet i plan- og byggesaker, 1997, uttrykkjer MD- og KAD-departementa ei klar forventning til at arbeidet med rettleiingsverktøy vert følgd opp på meir lokalt nivå:

- *"Veilederen vil forhåpentligvis inspirere kommuner, fylkeskommuner, og andre aktører til å utvikle egne plan- og byggesaksverktøy for sikring av estetisk kvalitet. Disse verktøyene må tilpasses lokale forhold og aktuelle tiltak."*

Men er det mogeleg i dag å skilje ut lokale eller regionale karaktertrekk i byggeskikken? Første steget i ein slik prosess er i alle fall å setje fokus på det å forbetre det fysiske miljøet, få i gang engasjement, opparbeide vilje til å gjere noko og bygge konsensus om verdien av dette.

Ulsteinvik/ Sjøholt 11.04.2005

Magne Bergseth
sign.

Helge Aarset
sign.



... SOM RINGAR I VATN ...

del I

GOD BYGGESKIKK OG VISUELL KVALITET
I PLAN- OG BYGGESAKER PÅ SØRE SUNNMØRE

INNLEIING

KVIFOR EIN SLIK RETTLEIAR?

Treng vi å leggje omtanke i utforming av omgjevnadene våre?

Betyr det noko for oss korleis staden talar til oss?

Kva for ansvar har den enkelte av oss?
 – overfor oss sjølve?
 – overfor kvarandre?

*Bygget tilhøyrer eigaren, det vakre tilhøyrer alle.
 Francois de Voltaire, fransk filosof 1694-1778*

*... byggeskikken vekslar med staden, ...
 og det som vekslar er byggemåten....
 Det er dette som er byggeskikk: at ein "skikkelse" blir bevart og "skikka" vidare til neste generasjon som tolkar den på nytt.
 Prof. Christian Norberg Schulz, Byggekunst nr. 1-2 1996*

*Ingen er upåverka av måten omgjevnadene signaliserer til oss. Vår personlegdom blir prega, og vi blir forma psykologisk av staden.
 Prof. Arnulf Kolstad, Psykologisk institutt UNIT*

*Mitt hus er din utsikt.
 Lene Schmidt i Statens Byggeskikkutval sin publikasjon med same namn*

*Vi formar våre omgjevnader, men når dei først står der, er det omgjevnadene som formar oss.
 Ingolf Westbø, Statens Byggeskikkutval*

*Vi er der tid og stad møtest ... staden er i tida.
 Vi minnest: ... det var der det hende...
 Edvard Hoem om identitet og den fysiske staden i Møre og Romsdal Tettstadforum sin fylkeskonferanse 1997*

*Av og til kostar det nokre ekstra kroner med betre material, eit skikkeleg handverk og ein kvalitetsbevisst formgjevar på laget. Men når var det vi ikkje hadde råd her i landet til å prioritere slikt?
 Peter Butenschøn, direktør i Norsk Form, BE-nytt nr. 2 april 1996*

*Huset er ein fantastisk reiskap til å forme sitt liv.
 Prof. Svein Hatløy, Bergen Arkitektskole, Byggekunst nr. 6 1984*

*Byggeskikk er både å forvalte og skape. ...
 All nyare arkitektur skal gjennom nyskaping og tilpassing vere med å styrke det lokale bygningstilfellet.
 Hans Jacob Roald, sjefsarkitekt i Bergen kommune, Byggekunst nr. 3 1994*



Er estetisk kvalitet berre eit spørsmål om smak og behag? Dei fleste vil nok oppfatte dette inngangspartiet som velforma og tiltalende; likeeins at form og utsjånad påverkar stemninga i høve til den funksjonen som staden har.
Bårehus ved Asker kapell og krematorium
Arkitekt: Carl-Viggo Hølmebakk

Rundskriv H-7/97 om estetikkbestemmelser i plan og bygningslova forklarar omgrepet slik:

Når begrepet «estetikk» benyttes i plan- og bygningsloven er dette særlig knyttet til de visuelle kvalitetene i byggverk og fysiske omgivelser. Med «byggverk» menes i tillegg til bygninger også tekniske anlegg som f.eks. veier, bruer og massetak. Begrepet «fysiske omgivelser» dekker alle typer områder fra urbane bygde omgivelser til landskap med forskjellige typer naturgrunnlag.



Hamnemiljø frå Runde.
Eit bra døme på folkearkitektur ?

Byggekunst kan gje oss djupe opplevingar:



".. minner oss om noe vi aldri har opplevd før .."
Arne Nordheim om arkitekturverda til Sverre Fehn i Dagbladet
14.08.04 (foto frå Ivar Aasen-tunet, Byggekunst 1-2001)

SENTRALE OMGREP

Vi nyttar ei rekkje faglege omgrep når vi samtaler om korleis vi vil at det skal sjå ut kring oss. Med auka merksemd på tema, har nokre omgrep vorte ein del av vårt daglege vokabular, men kva tyder dei egentleg?

ESTETIKK

Ordet kjem frå gresk "aisthetis" som refererer til "det som vedkjem det sanslege", På 1700-talet vart omgrepet definert slik det blir brukt i den offentlege debatten i dag (av den tyske filosofen Alexander Gottlieb Baumgarten): Lære om kva som er "vakkert" med omsyn til proporsjonar, fargesamansetning m.v. innan kunst, arkitektur, handverk og anna skapande verksemd.

Rundskriv H-7/97 frå Miljøvern- og Kommunal- og arbeidsdepartementa set eit slags likheitsteikn mellom "estetikk" og "visuell kvalitet". Slik bruk av omgrepet utan å definere det nærare er omdiskutert.

Dette dokumentet tek ikkje mål av seg om å gje ei uttømande og vasstett avklaring av omgrepa. Vi konstaterer at det her dreier seg om: våre omgjevners VISUELLE KVALITETAR.

ARKITEKTUR OG BYGGEKUNST

Ordet ARKITEKTUR har på sett og vis vorte eit moteord i vår tid, til dømes knytt til utforming av programvare. Opphavleg, og i denne samanhengen, gjeld omgrepet utforming av bygg og fysiske omgjevnader.

Orda FUNKSJON, FORM og TEKNIKK har vore nøkkelomgrep for forståing av faget for fleire generasjonar arkitektstudentar. For at eit byggverk skal ha arkitektonisk kvalitet, må det tilfredsstillte både praktiske og kjenslemessige (estetiske?) behov sett i lys av tilgjengelege ressursar og rådande tekniske forhold. Det tyder også at nye funksjonskrav må gje rom for nye svar.

"Arkitektur" vert brukt som kvalitetsstempel: Når løysinga er god, er det snakk om arkitektur, jamvel om vi og brukar omgrep som god og dårleg arkitektur. Ordet vert og brukt som beskrivande om arkitektstanden si verksemd, som omgrep på faget som arkitekten utøver. Arkitektur (som oftast eldre) som er utforma utan hjelp av fagutdanna arkitekter, vert gjerne kalla "folkearkitektur". Det er ikkje noko nedsettjande i dette. Ein kan sjå det som ein parallell til "folkemusikk".

Den beste arkitekturen (medrekna folkearkitekturen) blir BYGGEKUNST (på line med annan kunst).



Naust frå Indre Hareid

Døme på byggeskikk: Når båten (den gamle "snidbetna" trerøringen eller åtringen) var moden for utskifting, var båtsidene praktiske som kledning på naustveggar og andre uthusveggar. Dette finn vi mange døme på i distriktet.

Skikken har og ført til at båtar og kunnskap om byggemåte for båtar som elles ville gått tapt, har blitt bevart.



Rognestøylen, Ørsta
Vollar vernar husa mot ras



Slik fekk denne familien på Askøy sin utandørs kvileplass ved tilbygging til bustadhuset frå 50-talet og ombygging/ overbygging av inngangspartiet.

Vi formar staden vår.....

BYGGESKIKK

Omgrepet vert brukt *beskrivande* for å vise korleis ein (tradisjonelt) brukar å gjere det når ein bygger, og *normativt* for å karakterisere gode løysingar.

Som beskriving er ordet ofte knytt til eldre tider sin måte å gjere ting på, og som regel til skikkar som er oppstått utan medverknad av *profesjonelle* (arkitekter), men som oftast med god nedverd kunnskap om naturgitte føresetnader som klima, behov og tilgjengelege ressursar, - kunnskap som er overlevert gjennom arbeidsprosessar på staden. Omgrepet vert då nokså synonymt med folkearkitektur.

Byggeskikk som *kvalitetsomgrep* vart i stor grad innført i samband med det vi kan kalle "byggeskikkkrøsla" på 1980-talet (jf. oppretting av Statens Byggeskikkutval). Brukt i denne samanhengen, bør det kanskje setjast i samanheng med ordet god: GOD BYGGESKIKK, som er den tydinga av ordet som det vert lagt vekt på i samband med rettleingar som denne.



Vidareføring av tradisjonell byggeskikk handlar ikkje berre om utsjånad.

Denne bustaden i ope landskap på Askøy har fått ei ny og eigenarta utforming.

Men arkitekt Ingolf Westbø har utnytta prinsipp for konstruksjon og romsamanstilling frå tradisjonelle grindbygg og lemstover. (Byggekunst 4-1996)

VISUELLE KVALITETAR

At byggverk og omgjevnader har KVALITET, tyder på at dei er godt og praktisk løyst. Med VISUELLE KVALITETAR meiner vi at det har kvalitet knytt til at det er godt å sjå på eller at vi føler oss vel og "heime" ein stad fordi det vi opplever (ser) når vi er på staden, "tiltalar" oss. Vi føler at det er godt og meningsfylt.

- Er det eit mål å unngå einkvar friksjon i det visuelle biletet?
- eller er den engasjerande forma i alle høve eit levande uttrykk for ein dynamisk kultur medan det som ikkje utmerkar seg på nokon måte i neste omgang kan bli likegyldig?
- Kan vi i det heile tale om allment gyldig god estetikk i dei fysiske omgjevnadene utan å sjå dette i samanheng med den kulturelle samanhengen som byggjeverksemda vår inngår i?
- Kan estetiske vurderingar løysast frå etiske val, eller kan vi risikere at tilrådingar på reint estetisk grunnlag utelukkar til dømes ressursøkonomiske svar på vår tids særlege utfordringar og såleis blir "det godes fiende"?
- Er slike radikale endringar i dei menneskeskapte omgjevnadene våre utelukkande uttrykk for nødvendige prosessar ut frå samfunnstilhøva, eller speglar dei også eit syn på eiga tids suverene posisjon framfor fortida?
- Korleis balanserer vi ønskje om ein rotfesta identitet – ikkje statisk, men likevel kontinuertleg i tid og rom – mot det å vere open for framtidretta løysingar som vi enno ikkje kjenner dei visuelle konsekvensane av?

SENTRALE PROBLEMSTILLINGAR

Byggjeaktiviteten vår har til alle tider skjedd i eit spenningsfelt mellom overlevert tradisjon, kjente måtar å gjere ting på, tilgjengeleg teknologi, økonomi, dei særlege tilhøva som det enkelte tiltaket blir drive fram av eller skjer innanfor og ytre påverknad i form av impulsar utanfrå, trendar, motar og nyvinningar. Såleis er vårt bilete av omgjevnadene våre ein sum av lag frå ulike tidars byggjeverksemde under skiftande vilkår. Tilsynelatande homogene område kan vere atskillig meir samansett enn vi med første blick får inntrykk av. Likevel oppfattar vi nokre område som heilskaplege og harmoniske medan andre stader står fram som meir uharmonisk for oss.

Kvifor er det slik? Kva er det som bind saman det mangfaldige biletet? – eller som gjer at også små tiltak kan få ei utilsikta provoserande form? – og verkar desse provoserande på alle? Dessutan: Det disharmoniske kan vel og verke positivt pirrande og såleis ha sin meiningsfulle plass i biletet!

Bustadbygginga og det bygde landskapet har i gitte epokar endra karakter radikalt. Vi kjenner det i regionen vår frå dei fem-seks siste tiåra når bilen som framkomst- og transportmiddel og nye byggjemetodar har prega utbyggingsmønsteret på heilt nye måtar. Men på liknande vis kan ein til dømes sjå at dei fysiske omgjevnadene våre vart markert endra frå om lag 1870 til inn på 1900-talet i og med utskiftingane av jordeigedomar, oppsplitting av klyngetuna og spreiring av gardsbygningar samtidig med at nye typar bustadhus slik som sveitserstilhusa, i stor grad erstatta dei gamle stovebygningane som hadde sitt utspring i røykstova.

BRUK AV RETTLEIAREN

Svara på spørsmåla som blir stilt her, er mest truleg situasjonsbestemt og vert ikkje eintydige gitt i denne rettleiaren, men det er å håpe at rettleiaren engasjerer og kan verke til omtanke framfor likesæle. Ulike aktørar kan bruke den som ei felles plattform til å samtale om visuelle vilkår i fysiske omgjevnader. Tilrådingane om utforming som blir gitt her, må vere å sjå på som rettesnorer for å unngå særleg uheldige utslag og for i stor grad å vere trygg på å oppnå alminneleg akseptable løysingar.

Byggesaksforumet ønskjer med denne rettleiaren å nå både publikum og private tiltakshavarar, politikarar og kommunal administrasjon (kommunen både



A-propos til pbl. § 74 nr .2 siste ledd: "...Skjemmende farger er ikke tillatt og kan kreves endret"
 Er det meir eller mindre tilfeldige medieskapte trendar som skal styre korleis vi vil at våre byggverk skal tone fram?
 Dagbladet 06.05.04



Ein flyktig trend kan også bli eit viktig kjenneteikn for ein stad. I Camden i London er frisleppet i fargebruken med å prege oppfatninga vår av eigenarten til akkurat denne gata og dette området. I slike tilfelle finn kvar fargeflate sin plass i eit samanhengande bilete langs gata samtidig som dei gjer den enkelte bygning synleg for oss.

som plan- og bygningsmynde og byggherre), byggebransjen og fagfolk elles som jobbar med byggesaker - eit svært vidt spekter. Rettleiaren bør vere til nytte og inspirasjon for alle som er engasjert i planar og byggesaker, og det er jo dei fleste.

Byggesaksforumet har definert målsettinga med rettleiaren slik:

- a. Betre det fysiske miljøet i kommunane i vid forstand.
- b. Medverke til betre informasjon og kommunikasjon om estetikk i byggesaker.
- c. Nytte rettleiaren i konkrete saker som råd og hjelp til tiltakshavar, arkitektar og prosjekterande.
- d. Medverke til at sakshandsamarane og politikarane i kommunane blir tryggare og sterkare fagleg innafor temaet estetikk og at ein på den måten oppnår betre, meir effektiv, lik og påreknleg sakshandsaming i kommunane vedkomande estetiske spørsmål.


Rettleiaren har fått si form for å gi høve både til å studere ut frå interesse og til raskt å finne råd og haldepunkt for vurdering i konkrete saker. Illustrasjonane med undertekster viser døme og spissar nokre problemstillingar. Tekster på gråfarga bakgrunn gir saman med illustrasjonar lett tilgjengeleg kunnskap, råd og rettleiing innanfor kvart deltema, medan teksta elles gir høve til utfyllande lesing kring kvart tema. Dei raude felta med tekst inneheld nokre generelle og konkluderande gode råd (kap. 1-3) og framlegg til tematiske retningslinjer (kap. 5) som eventuelt kan takast opp til formell behandling i den einskilde kommunen.

GODE RÅD

Ta opp utfordringa med å stille kritiske (og konstruktive) spørsmål om korleis vi vil ha det ikring oss.

Lær av historia. Det ligg mange kjelder til inspirasjon i lokal tradisjon og nedverd kunnskap, ...men dette må ikkje føre til ukritisk kopiering (det ser vi altfor mykje av).

Gode og gjennomarbeidde planar og bruk av kvalifiserte fagfolk er som regel verd kostnaden.



10
NIJOS (Norsk institutt for jord- og skogkartlegging) si inndeling i landskapsregionar i Norge; regionar i landsdelen frå Nordfjord til Storfjorden

Dei sju kommunane i regionen spenner over eit mangfald av ulike typar natur- og kulturlandskap frå kyst- og øylandskap til fjordbotnar, dalar og fjell. Når byggeskikk og visuelle kvalitetar i fysiske omgjevningar er tema, er det nærliggjande ved ei inndeling i landskapssoner å bygge på dei tradisjonelle kulturlandskapa ettersom desse er nært knytte til ulike klimatilhøve, ressurs- og næringsgrunnlag og dessutan prega av ulike tilhøve for kommunikasjon og kulturell utveksling.

På Søre Sunnmøre kan tre landskapssoner som svarar til NIJOS si regioninndeling karakteriserast slik:




11
Koperstad, Nerlandsøy: strandflate og låge fjell, bebyggelsen dannar eit tydeleg mønster i randsona mellom dyrka flater mot sjøen og utmarka i fjellsidene

1: ØYLANDSKAPET OG KYSTBYGDENE

Høyrer til ei samanhengande sone langsmed vestlandskysten som i vårt område er karakterisert av:

- låge holmar
- øyene med steile og høge klipper mot havet
- bremmar av strandflate kring fjella
- nedbøren kjem jamt og som slagregn med vinden
- ikkje så stor nedbør som lenger inne i fjordlandskapet
- kjølige somrar og sær s mildt vinterklima
- vindretningar og vindpåkjenning følgjer vêrlaget
- lyngheivegetasjonen er utvikla og halden i hevd gjennom bruk av landskapet i fleire tusen år



12
Verlagsvinden blir pressa opp. Sona inn mot fjellsida er ei lunare byggesone

Busettinga har skjedd både tett og spreidd på flatene mot sjøen:

- spor etter kontinuerleg busetting i om lag 10.000 år bakover til jernalder, bronse- og steinalder
- best mogleg i ly mot vêr og vind
- utnytting av lune hamner
- strategisk i høve til ferdselsårene til sjøs og til fiskefelta
- næringsgrunnlag knytt til kombinasjonen av jordbruk og fiske
- handelssamkvem både mot indre fjordstrøk og mot hovudleia langs med kysten

Den tradisjonelle byggjeskikken

- utvikla med sikte på å redusere og tåle vinden og regnet si påkjenning på bygningane (både plassering, organisering og orientering i landskapet og sjølve bygningsformene)
- ein utvikla tradisjon med kjøp og flytting av bygningar frå indre strøk der ein hadde betre tilgang på skog og mindre slitasje på bygningsmassen (det visuelle biletet av utbygd landskap påverka av måtar ein har ordna seg på)

13



Eiksund: ope fjordlandskap, dei høge fjella innanfor, bebyggelsen som spreidde bygder langs fjorden

2: FJORDLANDSKAP MED YTRE OG MIDTRE FJORDBYGDER

Del av ei samanhengande sone nordover Vestlandet til og med Sunnmøre som her er karakterisert av:

- eit ope fjordsystem som bind sona saman på langs
- låge fjell i ytre del, landskapet reiser seg mot høge fjell i indre del
- korte dalar
- lyngdominert med bjørk- og furuskog
- det regnar ofte
- men store nedbørsmengder kjem særleg i indre område inn mot dei høge fjella
- spor etter busetting gjennom 3-4000 år tilbake til bronsealder

14



Bebyggelsen lokalisert ut frå soltilhøve og i område som er mindre utsette for snøras

Busetnad både innover i bygdene, i dei korte dalane og som meir konsentrerte bygder der dal møter fjord

- små bruk
- jordbruksområda ligg som band langs fjorden og i dalbotnane
- rikare tilgang på skog og betre jord enn lenger ute.



Bondalseidet: kulturlandskapet klart teikna i dalbotnen mellom høge fjell, gardsbebyggelsen som eit band langsmed ferdesels-årene
(foto: Gunnar Wangen)

3: FJORDBOTNAR, DALAR OG FJELL MED INDRE FJORDBYGDER

Høyrer til ein region som strekkjer seg heilt nord til Sunddalen og som her omfattar:



- indre fjordlandskap i Volda og Ørsta
- djupare dalar
- karakteristisk alpint fjellandskap
- til tider svært store nedbørsmengder
- store mengder snø i fjella og innover i dalane
- lunare klima inne i fjordane
- lokale variasjonar i vindpåkjenning, sterk kanalisering av vinden etter dal- og fjellforma-sjonar
- høgare og meir varige sommartemperaturar enn lenger ut mot kysten
- god tilgang på skog og område med grov-vaksen furu

Busetnaden som større og mindre husklyngjer i vikar og i fjordbotnar, og som spreidde bygder langs fjordane og i dei djupare dalføra


- spor etter busetting tilbake til bronsealderen
- tradisjonelt næringsgrunnlag meir einsidig knytt til jordbruk
- større gardsbruk

Busetnaden er lokalisert og organisert i høve til:

- soltilhøva i dalane
- rasjonell utnytting av dei dyrka flatene
- ressursverrsnittet frå fjell til dalbotn/ fjord rasfare; framleis ein avgjerande lokalisering faktor med avgjerande innverknad på det visuelle biletet av det kultiverte landskapet
- seterdrift til fjells med slått og utnytting av fjellbeite



Samanhengen mellom verlagsvind og lokalvindretningar og kanaliseringa av fjell- og dalvindar (siv.ark. Anne Britt Børve)



Framtredande, kraftige vindretningar har vore ein av fleire avgjerande faktorar i grupperinga av bebyggelsen og orientering av enkeltbygg i landskapet.

HOVUDTREKKA I UTBYGGINGA SI ORDNING I LANDSKAPET

Tilpassing til klimaet og landskapsformasjonane har vore ein grunnleggjande føresetnad for den tradisjonelle byggeskikken i distriktet:

- måten bygningane er grupperte på for å redusere den samla påkjenninga av vinden og unngå eller redusere skadeverknader frå ras
- orientering av den enkelte bygningen mot vind og regn (mot verlagsretninga på kysten, mot lokale dalvindar lenger inne i landet).
- organisering av bebyggelsen for utnytting av arealressursane og tilpassing til driftsmetodar i landbruket
- materialbruken for å motverke roteskader og god lufting av kledning
- detaljar som reduserer vinden si kraft og som tillet enkel utskifting av utsette element i kledninga

Klyngetunet og rekkjetunet var dei formene for organisering av busetnaden i tuna som utvikla seg i landskapet vårt.

Døme på tundanningar:



Til venstre: klyngetun - Agatunet

Til høgre: rekkjetun - Ose (over) og Svalastog (under)

Illustrasjon frå Stav og laft i Norge (Bugge og Norberg-Shulz)


GODE RÅD

I planlegging og i utforming av enkeltbygg og tiltak bør ein

- *vere merksam på dei særlege kulturhistoriske, klimatiske og topografiske tilhøva som busetnaden inngår i*
- *ha ei medveten haldning til regionale særtrekk som framleis er gjeldande og særlege vilkår som er styrande for utbyggingsmønster og utforming av enkelttiltak.*

Dersom ein ønskjer å gjere seg nytte av ein rotfesta byggeskikk, bør ein vere varsam med å importere bygningsformer og byggemåtar som berre overflatisk og tilsynelatande er uttrykk for tradisjonelle byggemetodar.

3



20

UTVIKLING AV BUSETNAD OG BYGGESKIKK I REGIONEN

BYGGEMETODAR I DET TRADISJONELLE SUNNMØRSKE KULTURLANDSKAPET

Heile det tradisjonelle sunnmørske kulturlandskapet er prega av byggemetodar i den vestlandske byggeskikken:

Grindbygget høyrer til ein 3-4000-årig byggetradisjon som er særmerkt for Vestlandet (NIKU:

Temahefte 30 og 34: Grindbygde hus i Vest-Norge):


- dominerande konstruksjon i større og mindre uthus og driftsbygningar til langt inn på 1900-talet
- eit særleg mangfald og fridom i utnyttinga av denne byggemåten i sunnmørsbygdene
- mykje av bebyggelsen som er bevart frå før 1900 er uthus (løer og fjøs) i grindkonstruksjon.

Laftekonstruksjonen er ein mykje yngre tradisjon i våre strøk:

- utnytta som tette kjernar i stovebygningar, fjøs, sel og stabbur eller i kvernhus, tørkestove og sjøbuder
- naustbygningar i lafta konstruksjon kan vi finne inst i fjordane på Sunnmøre
- tradisjonelt i all hovudsak kledd med ei vêrhud av panel (med unntak av dei minste bygningane) og med god lufting av kledningen
- først frå siste del av 1800-talet, og i ein periode på 50-60 år, vart lafting byggekonsruksjonen for heile bustadhuset

Stein som byggemateriale har i første rekkje vore brukt til:

- konstruksjon i grunnen og fundament
- kjellar- og støttemurar
- som heller på taket
- men i ytre strøk i Sande og Vanylven finn vi også eit interessant innslag av naust, vårfjøs og andre mindre uthus som heilt eller delvis er bygt med tørrmurte steinveggar



21


Øverst: grindkonstruksjon i løe Vollseterdalen (ill: Dag Rosseland)

Over: typisk grindkonstruksjon i heimeløe Nedreberg, Sørtdalen i Vanylven (oppmåling Cock/Hesseberg -98)

22



23




Over: prinsippskisse med lafta tømmerkjerner inne i lettare bygningskonstruksjon i stovebygning

Nedst: lafta kerne i stabbur på Ytste Skotet (planteikning av Berge Hjørungnes)

Vi ser at:

- grindbygget med reiste stavar er ein svært fleksibel konstruksjon.
- som tillet store volum med lite byggematerial.
- og som gir fridom for individuell tilpassing til terreng og behov
- dei ukledde tømmerstovene er ingen tradisjonell byggeskikk hos oss

24



Godt lufta kledning skjermar laftekonstruksjonen

25



Interiør frå grindløe i Havåg, Ulstein.
Årstalet skal vere korrekt.

26



Grindbygd naust i Havåg, Ulstein (under vøling).
Huset skal vere det eldste på garden.

27



Årsak til forfall er ofte at det gror til langs veggen nede.

Det er svært få bevarte bygningar i distriktet frå tida før 1860 då det kom ei økonomisk bløming. Hamskiftet i bondesamfunnet med tunbrot, utskifting og utflytting frå dei gamle klyngetuna på slutten av 1800-talet har nok og hatt sitt å seie for dette. Husa var av vestlandstypen: låge og med liggande kledning. Mot slutten av 1800-talet og framover på 1900-talet, vart byggeskikken og generelt meir påverka av impulsar utanfrå. Når vi i tillegg ser at det er få hus att frå før 1900, er det ikkje enkelt å definere kva som kjenneteiknar lokal byggeskikk i distriktet, og som skal vere referanse og normgjevande for dagens utbygging.

Klimapåkjenningar er nok ei medverkande årsak til at bygningane i kyststrøka har hatt kortare levetid enn i innlandet. Men nokre få trehus frå mellomalderen står framleis att også i vårt distrikt, dei fleste - fire stabbur - finn vi inst i regionen i Skjåstaddalen der påkjenninga av regn og vind er noko mindre.

Skilje mellom meir typisk vestlandsk grindkonstruksjon, og andre variantar av stavbyggetradisjonen, og skilje mellom liggande og ståande bordkledning på våningshus, fell relativt klårt saman med fogderigrensa mot Romsdal.

STILHISTORIA FRÅ 1860

Bygningshistoria vidare fram til vår tid kan framstilast som ein stilhistorie der kvar tidsepoke har sine karaktertrekk. Slike stilartar oppstår når visse formtrekk eller visuelle kjenneteikn blir gjentatt og dannar eit gjenkjenneleg mønster for ein viss periode. I det følgjande går vi kort gjennom ei slik framstilling.

Men når vi i dag skal forvalte denne bygningsarven eller gjere våre eigne val for ny byggjeverksemd, er det likevel grunn til å hugse på at:

- Eit gitt stiluttrykk har i større eller mindre grad eit ideologisk grunnlag; meir eller mindre klart formulert.
- Dette tankegodset blir utvikla som argumentasjon for ei særleg formgjeving uavhengig av om formtrekka etter kvart kan kjennast att som ein stil.
- Vi ser ofte ei tidsmessig faseforskyving frå dette idémessige grunnlaget til det at formspråket blir tatt i bruk og gjentatt i byggjeverksemda i større skala.
- Og stilepokar glir over i kvarandre i tid: Vi kan finne ulike stilartar representert i bygg side om side og frå same tid.
- Enkeltbygg kan vere bygd med påverknad frå fleire stilartar.

28



Skeivtekt hus. Slettevold, Remøy (rive i 2003)
Frå Schistad

29



Empire- hus frå Flusund i Herøy.
Huset er sterkt prega av forfall, men let set enno berge.

30



Frøystad i Herøy. Her er vedlikehaldet betre. Ved diverse reparasjonar er det blitt brukt detaljar i sveitserstil.
Slike låge hus frå før 1900 vert ofte kalla lemstover.

Men er dette autovernet ei heldig løysing framfor ei slik bygning? - eller kunne ei anna form for fysisk sikring mot vegen betre ta omsyn til tilhøvet mellom hus og omgjevnad?

1860-1905:

”Bonde og småbrukarsamfunn”

EMPIRE OG SVEITSERSTIL

Fram imot slutten av 1800-talet var distriktet generelt det vi kan kalle eit desentralisert bonde- og småbrukarsamfunn, berre med små sentra knytt til handel og næring (i hovudsak fiskeri). Gardshus og bustadhus var enkle lemstover med innslag av empirestil i dør og vindusomramming. Plantypar med små tømra kjerner (stover) og gangar både på ei gavlside og ei langsida av stav-verk. Derfor får vi dei skeivtekte husa som dømet her frå Slettevold, Remøy (Schistad). Huset vart rive i 2003. Huset på Runde (under) er og rive. Det er lite att av vanlege bustadhus frå før 1890-1900, mange som sto til nyleg er rivne, ein del er ombygt til det ugjenkjennelege, men det fins og døme på bevarte hus som er rehabilitert med omtanke slik som døme frå Frøystad og Ørsta sentrum.



Empire dør og vindaugeomramming, Vestre Remøy (Frå Ole Lind Schistad: Arkitektonisk kartlegging av den eldre bebyggelse i Møre og Romsdal)

EMPIRESTILEN

- oppsto i Frankrike under Napoleon
- ein form for klassisisme med førebilete i antikkens stein-byggverk

Typisk for stilen:

- enkle husformer
- tilnærma symmetrisk oppbygde fasadar med inngang midt på langveggen
- søylemotiv i fasaden
- gavlmotiv i dør- og vindaugeoverstykket
- knappe takutstikk
- tofagsvindu med tre ruter i kvar
- svai i taket ved gesims (lite brukt hos oss)



Svendsengarden i Ørsta (over)



Fagerli-huset (under) ligg og i Ørsta sentrum og er eldre enn Svendsengarden.

Men ved seinare restaurering har det fått detaljering etter mønstre frå Svendsengarden. Listverk på baksida av huset er i empirerestil.

Huset vart restaurert på 1980-talet (Arkitekt for restaureringa: Hans Lefdal)



Fuglemotiv (skarv?) i frise over vindauge. Døme på fridom i dekor innan sveitserstilen Frå Ytre Hareid

Mot slutten av perioden kom sveitserstilen på moten og prega byggeskikken ved både nybygg og ombygging. Lemstover vart ombygd med takutstikk, panel, detaljering og vindustypar i sveitserstil.

Ingen annan "stilart" har vel slått betre rot og vore meir dominerande for byggeskikken på landsbygda i nyare tid i Noreg enn sveitserstilen, ikkje minst på Vestlandet. (Jamfør og utviklinga i dei seinare åra frå 1980 og framover.) Dette har skjedd trass i at stilen aldri har vore særleg påakta frå fagleg hald (arkitektstanden). I 1910 vart det arrangert arkitekt-tevling for å få fram gode hustypar for kyststrøka og fjellbygdene der mykje av motivasjonen var å få fram betre alternativ enn "sveitserhusa". Hustypane frå denne konkurransen vart lite påakta, og det vart bygd "sveitserhus".

SVEITSERSTILEN

- namnet kjem av at husa minte om hus i Sveits og alpeområdet med store takutstikk
- ei nyskaping som ein reaksjon mot den klassiske mur- og steinarkitekturen som førebilete for trehusa våre
- ein variant kalla drakestil med inspirasjon frå den nasjonale, norrøne arven: stavkyrkjearkitekturen

Typisk for stilen:

- 1 1/2 - 2 etasjar
- store takutstikk
- høg grunnmur
- gavlmotiv i framfasade
- glasveranda
- rik ornamentering kring dører, vindauge og gavllistverk; meir på treverket sine premisser
- utskorne bjelkar
- krysspostvindauge
- karakteristiske lauvsgutskjeringar

Særlege lokale døme:

- Svendsengarden i Ørsta frå 1867 er eit døme på eit relativt tidleg "sveitserhus" som vart førebilete for bygg i denne stilen i tida framover



Typisk sveitserstil (Lemstove-type utan ark) Havåg, Ulstein

Mange av husa frå denne perioden er bevart, dette gjeld både "lemstover" som kan vere eldre hus som er ombygt til sveitserstil ikring 1900, og hus som er nybygt med denne stilen frå denne tida. (Om det er det eine eller det andre, kan ofte vere vanskeleg å sjå frå utsida). Jf. eksempla her frå Havåg (Ulstein) og Remøy. Mange av husa er bra restaurert med respekt for opphavleg detaljering. Sansen for dette voks fram på 1980-talet som frukt av "byggeskikk-rørsla", medan ombygging frå 60- og 70- talet gjerne var prega av enkle løysingar ("termopan-vindu")

Ved tilbygg frå seinare (1980-talet og utover) finn ein oftast at detaljering er basert på kopiering av detaljane på det opprinnelege huset. Det er vanskeleg å få gehør for at tilbygg skal vere med vår tid sine detaljløysingar.



Remøy (Austre), Herøy

Laftekonstruksjon var einerådande som byggemåte i denne perioden til inn på 1900-talet.



"Neo-sveitserstil"
 Dette er berre eit av mange døme på "renessanse" for sveitserstilen på 1990-talet. Mosmarka Ørsta



Austre Remøy, Herøy



Ytre Hareid



Flusund, Bergsøy




Skrivargarden i Volda

1905-1930

"Jugendstil" og "nyklassisisme"

Ringverknader av gjenreisingsarkitekturen etter Ålesundsbrannen?

Inga enkelthending har hatt større innverknad på utviklinga av byggeskikken i distriktet med Ålesund som næraste by enn Ålesundsbrannen. Gjenreisingsarkitektane tok og på seg oppdraget å teikne bustadhus i omegnen, og både desse og byhusa vart føredøme for husbygging utover i distriktet. Derfor vågar vi påstanden at jugend-påverknaden har vore større på Sunnmøre enn i dei fleste regionar elles i landet.



Enkefru Devolds villa i Einarvikgata i Ålesund (Arkitekt Schytte Berg) er eit av dei mest reindyrka jugendstilhusa vi har, og har utan tvil vore eit føredøme i tida.

JUGENDSTIL

- Jugend: ungdom (tysk), også kalla den nye stilen (art nouveau)
- reaksjon mot historismen si kopiering av stilelement frå eldre tider
- forsøk på å finne eit tidsmessig uttrykk med den tida sine byggemetodar og basert på godt handverk
- ca. 1890 til 1914, her frå ca 1905
- store variasjonar i form frå land til land

Typisk for stilen:

- mansardtak (ikkje så mykje brukt her i distriktet)
- den asymmetriske hovudforma med ark på ei side
- bratte takflater og spisse gavlvinklar
- asymmetriske mønster og svinga linjer
- dekoren inspirert frå naturen og eigen kulturarv
- bogne, ovale former i glaskarmar og rammer
- høge krysspostvindaug, små ruter øvst, store nedst

Særlege lokale døme:

- Skrivargarden i Volda er eit av få lokale jugendbygg med mansardtak

43



Henriksen-huset i Ulsteinvik
(Illustrasjon Berge Hjørungnes)

Jugendstilen vart etterlikna både i hovudform/volumoppbygging (ark på eine sida av huset) og/eller detaljering og vindaugsutforming. Og element av jugendstilen vart oppblanda med sveitserstilen. Jugend-detalar vart og brukt i samband med hus i meir "nyklassisistisk" stil som kom seinare (1920-åra). I tillegg til typiske "asymetriske" jugendhus finn vi og meir tradisjonelle husformer og eldre hus som vart ombyggt med jugend-liknande detaljering.

I Ulsteinvik har vi eit markant innslag av asymmetriske hus med meir eller mindre jugendpåverka detaljering frå denne perioden særmerkt for distriktet rundt Ålesund. Berge Hjørungnes kallar dette "Ulsteinvik-huset" (Dokumentasjon av kulturminneverdiar langs Kyrkjegata, Vikemyra og Hølsekervegen - siv.ark. MNAL Berge Hjørungnes 2003).

44



Biletet frå Gråtane på Ytre Hareid, bygt 1917 (over) viser typisk nyklassisistisk frisefelt over vindauge som vi finn mykje av i distriktet.

Samfunnsmessig var perioden særleg frå 1915 til nærare 1930 prega av oppgangstider ("jobbetida": velstand for ein del, men store sosiale ulikskapar og relativt stor arbeidsløyse).

Lafteplank og reisverk er konstruksjonsmåtar som erstattar den tradisjonelle lafmetoden utover på 1900-talet og fram mot 2. verdskrigen.

Same detaljering finn vi på jugendhusa frå Straumen, Bergsøy (førre sida) og huset frå Strandgata i Hareid (nedanfor).

45



NYKLASSISISME

- ny interesse for klassisk arkitektur; søker eit felles språk i motsetnad til individuelle, nasjonale formuttrykk
- stilart med preg frå både barokk, rokokko og empire
- parallelt med fleire stilretningar; i Noreg frå ca. 1915 til 1930

Typisk for stilen:

- kubbeforma bygningskropp
- høgrest saltak med svært bratt vinkel
- kraftig detaljering og panel med breie hjørnekasser og vindskier
- eit forenkla formspråk med utgangspunkt i klassiske element og detaljar

46



Professor Dahls gate 31-33 i Oslo av arkitekt Fridtjof Reppen bygt i 1930 er eit av dei første funksjonsprosjekta i Noreg. (Illustrasjon frå Odd Brockmann: -Disse arkitektene.)

1930-1945

”Dei harde trettiåra” og 2. verdskrigen.

Tida var ei brytningstid, og ein finn gjerne klassisistiske bygg side om side med funksjonalistiske bygg bygt på om lag same tid. Det var ikkje lett å kvitte seg med tradisjonelle stilelement.

Art deco (ar-dekå) var på moten frå slutten av 20-talet og framover mot 1940. Er karakterisert ved enkle ”funkis-liknande” hovudformer, men med forfina elegante liner, vidareføring av jugend- og klassisk detaljering.

47



Funkishus i Osbergvegen 45, Ulsteinvik, teikna av Knut Ulstein. Vi ser korleis den internasjonale trenden får sitt lokale svar gjennom den verksemda som stadleg kompetanse utøver.

Perioden var prega av tendens til økonomisk stagnasjon. Mot slutten av 30-åra og under verdskrigen vart det bygt svært lite. Det er truleg ikkje så mange typiske funkishus frå før krigen her i distriktet. Industrietableringane kring 1930 har gitt Ørsta markert og tidstypisk funkisbusetnad.

I byggeperioden med gjenreising etter krigen fekk stilen gjennomslag, og vi finn mange døme på slike.

48



Den gamle trikotasjefabrikken i Ørsta er eit klassisk funkis industribygg frå 1930-åra. Legg merke til dei reine geometriske volumna, dei store glasflatene, dei bua hjørnevindauga og den synlege berekonstruksjonen i veggen.

FUNKSJONALISMEN (”FUNKIS”)

- oppsto i Europa kring 1920 (kunst- og arkitekturskolen Bauhaus i Tyskland var det viktigaste miljøet der ”stilen” oppsto)
- ein reaksjon på dårlege butilhøve i den industrialiserte byen
- eit radikalt svar på nye byggemetodar med armert betong
- kom til Skandinavia med ei stor utstilling i Stockholm i 1930
- internasjonal stil; ideal om eit felles universelt språk for ei ny tid
- lys og luft var eit mål i arkitekturen
- eigen variant her i landet der formspråk frå mur- og pussarkitektur vart omsett til panelt trearkitektur

Bygningane er prega av:

- enkle geometriske former med samanstilling av kubiske volum
- høg grad av omsyn til materialets eigenskapar
- klar konstruksjon
- horisontale band av vindauga og større glasflatar utan sprosser
- vindauga kring hjørna
- flate eller tilnærma flate tak
- glatte flater utan ornamentikk

49



Funkis (45-50) Haddal i Ulstein

1945-65 Gjenreising og Husbank

Tida er prega av utbygging og "samfunnsbygging" etter krigen.

Nybygg frå denne tida var prega av funksjonalisme. Enkle 1½- eller 2- etasjes hus med enkel detaljering, og meir reindyrka "funkishus" med tilnærma kvadratisk grunnplan og valmtak med slak takvinkel. Flate tak er relativt sjeldne, men vi finn og døme på det.

Like etter krigen og utover i 50-åra vart det brukt ein del mur, men trehus vart meir og meir dominerande på einebustad-fronten. Mur vart helst brukt i meir "urbane" samanhengar og i næringsbygg.

Etablering av Husbanken med krav til standard og arealgrensar som vilkår for lån, får direkte verknad på ytre form. Byggmeistrar bygger etter kvart frå siste del av 50-talet sine typar av einebustader. Denne kombinasjonen har gitt oss dei karakteristiske typehusa med slakare takvinkel og "alt på eit golv" ("Rødlandhus" og liknande typehus mot slutten av perioden).

Rask utbygging og knappe ressursar stiller krav til økonomisering med materialbruk og billige løysingar. Bindingsverket blir einerådande som konstruksjonsmåte i småhus; i første del av perioden utan særskilt isolasjonsmateriale i holromma. Bruk av steinull og glasvatt vart vanleg først på slutten av 50-talet.

50



50-talls bebyggelse, Runde

51



Karakteristisk 1 ½ etasjes bebyggelse frå første tiåret etter krigen, Støyle-vegen i Ørsta

52



Husbanken fekk stor innverknad på planløyising og utforming både gjennom eigne typeteikningar (som her frå 1968) og som døme.

GJENREISINGSARKITEKTUR

- eit svar på stort oppdemma byggebehov med gjenreising etter krigen
- stram funksjonalisme fekk gjennomslag i stor skala
- nøktern standard og materialbruk
- ei viss uniformering av planløyisingar

Bygningane er prega av:

- enkle bygningsformer i 1½ eller 2 etasjar
- slak takvinkel og valmtak over tilnærma kvadratisk grunnform
- vindauge med 2 fag utan sprosser
- svært enkle detaljar



53 Bustadhus i Haddal frå midt på 70 talet. (Arkitekt Tor Hovden) Ikkje tidstypisk med så bratte tak. Men huset er eit fint døme.



54 To døme på dei låge 1-etasjesbustadene frå 70-talet med takstoltak og sokkeletasje. Vallabøen i Ørsta



55 Hofsetgrenda var eit døme på nye måtar å gjennomføre utbygging på som utvilsomt har bidratt til at feltet har hatt eit godt bustadmiljø (jf. illustrasjon frå avisa Fylket nov. 81) Ein del av husa har fått tilbygg og arker som ein prøver å halde innan same formspråk. (Arkiteir as)



56 Vi formar staden vår.....

1965-1980 Strukturelle endringar og kataloghus

Endra kommunegrensar og utbygging av kommunikasjonar. Stor utvikling og gjennomgripande endringar i ein del tettstader. Bustadfelt frå denne tida er prega av bustadhus frå ferdighusfabrikantar som "Rødlandhuset", amerikansk-"bungalow"-inspirerte hus frå Block Watne eller liknande. Ein del døme på hus med møne mot langveggen av huset. I tettstadane finn vi moderne betongbygg med enkel detaljering (Sanden i Ulsteinvik). Mot slutten av perioden kom ein del hus med brattare takvinkel og utnyttat loft.

Standardisert og sentralisert produksjon av bustadbygg medfører at lokal forståing for og tilpassing til klimaføresetnader i ein periode blir lite ivaretatt både når det gjeld plassering i landskapet og utforming, materialbruk og detaljering av husa.

Husbanken sine måleregjar har framleis stor påverknad på storleik og form.

Rekkjehuset som bygningstype spring ut frå eit ideal om å bu tett, men utan tung busetnad ("tett og låg" er eit omgrep frå 70-talet). I vårt distrikt finn vi lite utbygging der bygningane er gjennomført tilpassa situasjonen frå plan for området til husform. Men typehusprodusentar har frå 80-talet omsett idéen til hustypar med repetisjon av bueningar i rekkje.

TYPEHUSA

- store utbyggingar i felt, men også på enkelttomter med einebustader
- framvekst av storleverandørar av typehus i form av ferdige, fabrikkproduserte bygningsdelar
- standardisering av produksjonen krev større grad av omforming av tomtene

Busetnaden er prega av:

- einebustader i stor grad med ein etasje, eventuelt med murt/støypt sokkeletasje
- takstolar med takvinkel ned til 22-27 grader
- saltakform; frå 70-åra også valmtak
- heile flater i vindauga utan sprosser eller fleire fag
- ståande tett panel blir tatt i bruk utan regionale klimatilpassingar

57



Nordea (Sunnmørsbanken) Hareid 80-tals postmodernisme (Ark. Kibsgaard Petersen)

58



Tidstypisk er og "bryggerekka i Volda" Forslag om å bygge skråtak på Steinsvik-Rønnestad- bygget frå tidleg 70-tal (lengst til venstre) vart det heldigvis ikkje noko av

59



To ulike forsamlingshus i Volda: Eben Eser frå slutten av 80-åra og "Uppheim" frå slutten av 70 åra. Kontrasten er relativt stor.

1980-1990

Byggeskikk og bygningsvern

Reaksjonen på standardiseringa og repetisjonen av bustadtypar uavhengig av landsdel, gav eit nytt fokus på byggeskikk. Bygningsvern vart eit alternativ til sanering av eldre bygningar. Trenden medførte fokus på kvalitetar i eldre byggeskikk (m.a. Vestlandskonkurransen). Arkitektar som gjekk i bresjen for dette, var opptatt av å kombinere kvalitetane i eldre bygningstypar (bygningsskropp/rom og volumoppbygging inspirert av til dømes lemstover/jærhuset) med enkel, moderne og funksjonell detaljering og materialbruk utan "pynt" og stilkopierte detaljar. Hus med brattare takvinkel og betre utnyttede loft vart lanserte.

Som trend fekk dette berre avgrensa gjennomslag, medan ferdighusfirma som etter kvart såg større potensial i nettopp å legge vekt på kopiering av stilelement og pynt, fekk stort gjennomslag med sine former, og har meir enn noko anna prega marknaden og utbygging av bustadfelt frå slutten av 80-talet til no.

Framleis økonomisk vekst, men litt meir prega av konjunktursvingingar. Stadig betra privatøkonomi gjev seg utslag i ombygging og tilbygg. Uttrykket "velstandsvorte" (karnapp) stammar vel frå denne tida. Husbanken mistar sin posisjon som långjevar og dominerande premissleverandør for storleik og utforming i småhusmarknaden.

Ein ny arkitekturtrend, "postmodernisme", oppstår som reaksjon på den forflata og lite spennande "vulgærfunksjonalismen". Her i distriktet er Nordea- bygget på Hareid (tidlegare Sunnmørsbanken) eit av dei beste døme på postmodernismen.

"BYGGESKIKK" OG POSTMODERNISME

- bustadhusa aukar markert i volum og er ofte vanskelege å tilpasse til relativt små tomter (her som elles i landet)
- kataloghus-tilbodet mot slutten av perioden meir og meir prega av stilkopiering og romantiserande detaljering
- samanstilling av formelement med førebilete i ulike hustypar eller stilartar
- ruvande hus med samanstilling av fleire bygningssformer manglar gjerne den enkle og elegante symmetrien som oftast kjenneteikna førebileta
- hus frå 50-, 60- og 70-talet blir "modernisert" med småruta vindauge og detaljering som tilsynelatande kopierer tidlegare stilartar; særleg sveitserstil, i omramminga av vindauge og liknande
- romantiserande trendar har og sett preg på forretnings- og kontorbygg i tettstadene på 80- og 90-talet

60



Markert opprusting av sentrum
Standardheving i Vikegata i Ørsta

61



Terrassehus i Ulsteinvik

62



Typisk 90-talls byggefelt: Mosmarka i Ørsta:
Ulike hustypar, større bygningsvolum på mindre tomter

63



To bustadhus frå ca 2000 i Onglasetra, Ulsteinvik.
Kontrasten er også her relativt stor

1990 - 2004

Tettstadane i regionen har i det vesentlege unngått utarming då det i hovudsak ikkje er etablert større kjøpesentra utanom tettstadane. Det er ein tendens til at dei større kommunesentra veks medan det er tendens til stagnasjon i andre sentra. Merksemda på tettstadene sin funksjon og kvalitet aukar, og har mange stader sett i gang tettstadsutvikling med føremål å betre det visuelle miljøet og kvaliteten på uteromma. Vi ser gode synlege resultat, men mykje står enno att.

Typehus med tilbakeskodande ideal i utforminga står framleis sterkt, men nye trendar ("neofunkis" / minimalisme) vert lansert.

Terrassehus er ein bygningstype som etter kvart vart tatt i bruk på 80-talet, men som i våre kommunar særleg har kome inn etter 1990; ein måte å nytte også svært bratte tomter til utbyggingsformål. Tung busetnad på tomteareal som gjerne er godt synleg, men avgrensa. Slik desse områda har vorte utbygd, har busetnaden hatt ein tendens til å markere seg med avgrensa, isolert og annleis form enn omgjevnadene.

64



Store huseiningar, mange former

TUSENÅRSSKIFTET

- vanskelig å definere den næraste fortida som stilepoke
- i ei brytningstid der eit mangfald av idéar om det gode liv lever side om side
- framleis ein tendens til å velje form og stil som varer i ei butikkhylle
- men også nytt fokus på stram og funksjonell arkitektur
- meir kompakt form i bustadområda: markert auke i einingsarealet for bustadtypar, men gjennomgåande eins tomtestorleik

65



Denne bustaden i Volda, Engesetgeila 21, representerer ei trend dei siste åra som på nytt søker eit stramt, nøkternt og funksjonalistisk uttrykk i trearkitekturen. Arkitekt: AG Plan og arkitektur as, Ørsta

GODE RÅD

I eit omskifteleg forbrukarsamfunn opplever vi ofte eit raskt forløp og forbruk av motar som reaksjon og motreaksjonar. Men ...

... ein bustad er ein investering for livet; han skal vere tenleg gjennom ulike livsfasar, og vil mest sannsynleg tene fleire generasjonar enn den som byggjer...

... også næringsbygg har ofte lengre levetid enn den funksjonen dei er bygde for.

Det å finne eit godt svar på byggeoppgåva inneber ein prosess både for tiltakshavar og for den som planlegg og gir bygget form. Innsjå at det trengs tid for at denne prosessen skal bli god! - og bruk nødvendig kompetanse for å arbeide fram den optimale løysinga. Slik kan også det ytre uttrykket vere livskraftig og uavhengig (men ikkje nødvendigvis upåverka) av tidsriktig trend..

Hugs: Å bygge hus er ikkje som å skifte skjorte.